

TEMA: Kirke og kloster ①52, Kremmerleier ①105, Turistane, landskapet ①161
KART: ④440

Læg Reid

HEGGJAGARDEN

Skysskiftet på garden Vik i Eidfjord var ein viktig del av kommunikasjonssystemet i eldre tid. Her fekk dei rorskyss ut fjorden, dei som kom over fjellet frå aust og ned Måbødalen. Skysskiftet låg på «Wiige grund». I dag skjer riksvegen seg gjennom tunet; hovudbygningen frå 1800-talet ligg på oppsida av vegen; det store sjøhuset, med tidlegare bakeri, ligg ned mot fjorden.



Heggjagarden (i forgrunnen) og Vøringsfoss Hotel først på 1900-talet.


HEGGJAGARDEN har fått namn etter sersjant NILS OLSEN HEGGEN. I 1720 bygsla han eit stykke jord av ein offiserskamerat og oppretta ein gjestgjevarstad med «krohold» ved skysskiftet. Han hadde ikkje bevilling til å driva gjestgjevarstad, men likevel ville ikkje futen innlata seg i prosess med han: «Erfahrenheit har lært hvad medhold de gjestgiverne faar, og hvad vidløftighed en foged bringes udi.» Det var vanskeleg for embetsmennene å få bort ulovlege krohus. Sjølv sagt hadde dei godhug mellom allmugen. Først i byrjinga av 1800-talet fekk Heggjagarden bevilling som privilegert gjestgjevarstad og øltapperi.

Då var det Svein Winess, bror til gjestgjevaren på Utne, som åtte staden. Magnus Jonsson Myklatur overtok gjestgjevarløyvet i 1842, og det var i hans tid at landhandlarstaden tok seg opp. Drifta tok slutt i 1889, då det nye Vøringsfoss Hotel vart bygt på Ostangen nokre hundre meter bortanfor gjestgjevarstaden. Då hadde ein ny æra teke til: Turismen.



EIDFJORD KYRKJE

Den gamle steinkyrkja i EIDFJORD ligg fritt og fint på terrassen på Læg Reid. I eit diplom frå 1310 går det fram at Torgeir på Sponheim gjev ei gåve til oppføring av kyrkja i Eidfjord. Vi kan altså rekna med at kyrkja var under bygging då. Stiltrekka stadfester ei slik datering.



Eidfjord kyrkje. Prospekt av Catharine H. Kolle. Utan år.

Mellomalderkyrkja med spissbogne vindaugo og dørpinnegar, har ei opphavleg rektangulær opning i vestgavlen, kan henda eit vitnemål om at segl og mast frå leidangsskipet vart lagra på kyrkjeloftet.

Torgeir på Spånheim var ikkje åleine om å gje midlar til oppføring av kyrkja. Mest kjend er ho som vart kalla «RIKE-RAGNA», som framleis har gravsteinen sin ståande i kyrkja, aust for korinngangen i sørveggen. Her ser vi at den knelande Ragna gjev ein kyrkjemodell til apostelen Jacob den eldre, som kyrkja er vigsla til. Innskrifta fortel at «Her: Hvilir: Ragna: Asolfriidsdottir: Er: Denne: Kirku. Let: Gera» (til venstre).

På kyrkjegardsmuren, like sør for porten, ligg ei skiferhelle med 52 innhogne skålgroper. Hella vert kalla «Liksteinen». Det var i gammal tid fast skikk å setja likkistene frå seg her, før dei vart borne inn på kyrkjegarden.

Den sjeldsynte korskiljeveggen

frå mellomalderen er ombygd og dekorert på 1600-talet. Preikestolen er frå 1613; døyfefonten frå 1680. Penge-mangel gjorde sitt til at planane for utviding av kyrkja, vedtekte i 1893 etter arkitekt Blix sine teikningar, aldri vart gjennomførte. Det sikra Eidfjord og Vestlandet eit einestående autentisk minnesmerke frå mellomalderen. □



På dette korskiljepanelet ser vi eitt av dei sentrale symbolmotiva i kyrkjekunsten: einhyrningen og hjorten. Einhyrningen er eit symbol for Maria og jomfrufødselen; hjorten er eit dâpssymbol: «Som Hiorten tørster efter det Friske Vand Saa tørster ogsaa min Siel efter Den Hellige Aand».